Nr. 6 august 2009 - Årg. 24



# Bygdabladet for BOKN



Lyngblomsten s. 9

Overnatting s. 6

Turbonett s. 11

Dominoaksjon s. 14

www.bygdabladet.no

KJEKT PÅ BOKN

**www.bygdabladet.no - post@bygdabladet.no**

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren.

Eit abonnement (papir eller PDF) kostar kr. 350,- pr. år, 500,- for både papir og PDF. Abonnementa er gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

**Redaktør:** Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08
E-post: jardar.havikbotn@bokn.kommune.no/post@bygdabladet.no

**Medarbeidarar:** Elisabet Taraldlien og Annette Bokneberg

**Bygdabladnemnd**
Johannes Nilssen
Ellen Nedrebø
Lars Norekvål

**Gjeldande annonseprisar**
Heilside kr. 625,-
Halvside kr. 375,-
Kvartside kr. 188,-
1/8 side kr. 125,-
Privatann. kr. 62,-
Fastann./fargeann. etter avtale



Stort forsidebilde:

Lyngblomstring - sjå side 9

Foto: Elisabet Taraldlien



# O HAR RDFØRAREN RDET

*Kjære sambygding*

**Svineinfluensa**

Det er førebels ikkje påvist svineinfluensa ved Bokn legekontor, men ein har hatt nokre tilfeller med klinisk mistanke. Bokn kommune har førebudd seg godt, og i tråd med retningslinene frå sentrale mynde. Pandemiplan for Bokn blei ferdigstilt i veke 33 og kommunen gjennomførte i byrjinga av august eit informasjonsmøte med dei ulike kommunale einingane samt eksterne aktørar i kommunen.

Mange meinar det har vore svært mykje oppstyr rundt denne pandemien, men det er viktig for offentlege mynde og kommunane å ha gode planar og strategiar for å kunne handtera eit verstefallsscenario. Bokn kommune sitt fokus er å kunne halda hjula i gang og kunne få drifta tilbake til ein normalsituasjon så raskt som råd, uansett kva prognoser som måtte slå til.

Prognosene viser at pandemien vil nå ein topp i midten av september. I dei verste vekene av epidemien reknar Folkehelseinstituttet med at det totale sjukefråveret maksimalt kan koma opp i 25 %. Tida vil vise om desse prognosane slår til, men inntil vidare bør alle fylgja dei råda som er gjeve om hygiene i samband med svineinfluensaen.

**Dominoaksjon**

Den 9. november er det 20 år sidan Berlinmurens fall. Dagen vil bli markert med ein to-dagars fridomsfest på begge sidene av Brandenburger Tor i Berlin. Det vil i dette høvet bli satt opp ein dominomur langs delar av trasèen der den opprinnelege muren stod plassert.

10. klasse ved Bokn skule skal på studietur til Polen i september med Aktive Fredsreiser, og i den samanhengen blei klassen invitert til å dekorera ein av desse dominosteinane. Som den einaste skulen i Rogaland skal elevane frå Bokn dekorera eit bodskap om historikken til muren og murens fall på steinen.

Meir enn 1000 steinar skal dekorerast, og det vil bli brei omtale av prosjektet i media. Dekorasjonane vil i tillegg bli foreviga i boka "Buch der Steine", som kjem ut på 20-års dagen.

Det er veldig hyggeleg at Bokn skule er eìn av 12 skular i Noreg som blei trekt ut til å delta i ei viktig historisk markering. Dette blir utvilsamt ei spesiell oppleving for 10-klassingane og vil setta ein spiss på ein spennande utanlandstur. Eg vil ynskja heile reisefylgjet god tur og lukke til med prosjektet.

**Val 09**

Valdagen for Stortings- og sametingsvalet er 14. september 2009. Valkampen har for alvor blitt intensivert dei siste vekene. Politikk og partiprogram blir diskutert både i fjernsyn, radio, aviser og på nettet.

Ved Fylkestingsvalet i 2007 låg landsgjennomsnittet for valgdeltaking på kun 61,2 prosent, noko som er svært lågt spesielt med tanke på at Noreg blir rangert som nummer to på FN si levekårsliste. Både Sverige og Danmark har høgare valdeltaking enn me har i Noreg.

Med dette som bakgrunn har ein i samband med årets val utfordra kommunane til å delta i Demokratimesterskapet. Dette er ein nasjonal konkurranse der alle kommunane i landet konkurrerar om å få høgast valdeltaking under Stortings- og sametingsvalet. Målet er auka valdeltakinga i kommunane og skapa eit positivt engasjement kring det norske demokratiet. Vinnaren får 100. 000 kroner.

Bokn kommune er meld på i denne konkurransen, og i denne samanhengen vil eg oppmoda alle boknarar om å bruke stemmeretten sin. Val er ein av dei absolutte grunnsteinane i eit oppbygd samfunn, og dette gjev kvar enkelt høve til å delta i ei opinionsdanning og dermed påverknad av samfunnsutviklinga. Dette åleine er god nok grunn til ikkje å sitje heime valdagen, men nå kan du også bidra til at Bokn er med i kampen om 100. 000 kroner til fellesskapet og god omtale i media.

Bruk stemmeretten. Godt val!

*Ordføraren*

# VALG

**Stortingsvalet 2009.**

Du kan røyste ved stortingsvalet dersom:

**Du er norsk statsborgar som**

- vil ha fylt 18 år innan utgangen av valåret og som
- er, eller noen gang har vore, folkeregisterført som busett i Norge, og som
- ikkje har mista røysteretten etter Grunnlova si § 53.

For å kunne røyste ved stortingsvalet, må du stå innført i manntalet i ein kommune.

**Er du innført i manntallet?**

**Røystarar busett i Norge:**

Alle personar med røysterett vil automatisk bli innførte i manntalet i den kommunen dei var registrert busett pr. 30. juni i 2009.

Har du flytta til ein annan kommune etter 30. juni 2009, er du registrert i manntalet i den kommunen du flytta frå.

**Røystarar busett i utlandet:**

Bur du i utlandet, men har vore registrert i folkeregisteret som busett i Norge nokon gong i løpet av dei siste 10 åra, blir du automatisk ført inn i manntalet i den kommunen der du var registrert som busett då du flytta frå Norge.

Dersom du ikkje har vært registrert busett i Norge de siste 10 åra, må du søkje om å bli ført inn i manntalet. Du søkjer ved å skrive under på den omslagskonvolutten som nyttast ved førehandsrøystegjevinga utanriks. Dersom du førehandsrøyster i Norge eller ikkje nyttar den nemde omslagskonvolutten, må du søkje særskilt. Dette kan gjerast i eige brev eller ved å bruke eige skjema. Søknaden må innehalde ein erklæring om at du ennå er norsk statsborger. Søknaden må komme fram til valstyret i den kommunen der du sist var registrert i folkeregisteret som busett innan 14. september kl. 21.

**Står du i manntalet?**

**Du kan kontrollere om du står i manntalet for Bokn kommune. Manntalet blei lagt ut til offentleg gjennomsyn i Servicetorget frå måndag 20. juli 2009 og fram til valdagen.**

**Namnet ditt må stå i manntalet om du skal kunne røysta ved Stortingsvalet den 14. september 2009.**

**Du kan ringe Servicetorget på tlf. 52752500 kvar arbeidsdag frå kl. 09.00 og fram til kl. 15.00 for å høyre om du står i manntalet.**

Har du flytta til ein annan kommune og melding om flytting ikkje er tatt imot i folkeregisteret innan 30. juni 2009, står du framleis registrert i manntalet i den kommunen du flytta frå. Du kan då velja om du vil røysta på valdagen i den kommunen du flytta frå, eller du kan førehandsrøysta i Bokn kommune, Servicetorget, fram til 11. september 2009. Førehandsrøystinga tok til 10. august 2009.

Dersom nokon meiner at ein sjølv eller andre med urette ikkje er med i manntalet eller er ført opp i manntalet, kan ein krevja at valstyret rettar opp feilen. Melding om oppdaga feil må sendast valstyret.

**Valstyret si adresse er:**

**Valstyret i Bokn**
**v/ leiar Kyrre Lindanger,**
**Boknatunvegen 13,**
**5561 Bokn.**

**Førehandsrøysting i Bokn kommune.**

Dersom du ikkje har høve til å røyste på valdagen den 14. september kan du førehandsrøyste. Førehandsrøystinga tok til 10. august 2009 og varer fram til og med 11. september 2009.

**Du kan førehandsrøyste i kva for kommune du vil same kvar i landet du er busett. Førehandsrøystinga vil bli sendt til heimkommunen din.**

Du treng legitimasjon for å kunne røyste.

**Du treng ikkje ta med valkort, men det vil forenkla røystemottaking dersom du har tatt med valkortet.**

I Bokn kommune kan du førehandsrøyste i Servicetorget. Servicetorget har ope for førehandsrøysting frå kl. 08.00 til kl. 15.00 frå måndag til fredag i perioden for førehandsrøysting.

Opningstida vil bli utvida med **langdager torsdag 27. august, 3. september og 10. september til kl. 20.00.** Desse dagane har servicetorget ope for førehandsrøysting frå kl. 08.00 til kl. 20.00.

**Ambulerande røysting.**

Dersom du p.g.a sjukdom eller dersom du er ufør og av den grunn ikkje kan koma til vallokalet på valdagen 14. september 2009 og heller ikkje kan førehandsrøsta, kan du søkje om å få røysta heime. Skrifteleg søknad sendes til Valstyret i Bokn, Boknatunvegen 13, 5561 Bokn eller du kan ringe servicetorget på tlf. 52752500. Søknad om slik røysting må vera Bokn valstyre i hende innan 2. september 2009. Ambulerande røysting vil bli gjennomført torsdag 10. september 2009.

Røysting for bebuerar og besøkande på Bokn sjukeheim og omsorgsbustadar vil bli avholdt same dag som valdagen, 14. september 2009, i vallokala på Boknatun.

**Kvar kan du stemme på valdagen?**

Vallokala valdagen 14. september er Allrommet i Boknatun.

Vallokala har ope frå kl. 09.00 til kl. 20.00.

**Legitimasjon.**

Valglova krevjer at ein røystar som er ukjent for røystemottakar skal legitimera seg. Ta derfor med legitimasjon når du skal røyste, det er ikkje nok å oppgje namn og fødselsdato.

**Valkort.**

Alle røystarar får tilsendt valkort fra sin kommune. På valkortet finn du informasjon om opningstid og kva vallokale du skal bruke på valdagen. Du treng ikkje valkortet for å røyste, men det går raskare for deg å røyste dersom du tar det med. Ta kontakt med kommunen dersom du har spørsmål om valkortet.

**På valdagen 14. september.**

På valdagen 14. september må du røyste i den kommunen du er manntalsført. Du er manntalsført i den kommunen du var registrert som busett den 30. juni i valåret.



**Treng du veiledning eller hjelp?**

Trenger du veiledning eller hjelp i vallokalet, kan du ta kontakt med ein av valfunksjonærane.

Kommunane er i utgangspunktet forplikta til å leggja røystegjevninga til lokaler der alle røystarar kan komme seg inn på eigen hand. Skulle likevel et vallokale ikkje vera tilgjengeleg for ein bevegelseshemma røystar, kan vedkommande avgje røyst rett utanfor vallokalet. To valfunksjonærar kommer i så fall ut, gir nødvendig hjelp og tar i mot røysta.

**Har du flytta etter 30. juni 2009?**

Dersom du har flytta etter 30. juni, står du innført i manntalet i den kommunen du har flytta frå, sjølv om du har meldt flytting. Du er manntalsført i den kommunen du er registert i folkeregisteret som busett den 30. juni 2009.

Du har røysterett og avgjer røyst i den kommunen der du er manntalsført. Har du ikkje anledning til å avgje røyst der på valdagen, kan du førehandsrøyste i den kommunen du er i. Røysta blir da sendt til din heimkommune.

**Slik røyster du på valdagen.**

Det skal ikkje brukast røystesetelkonvolutt på valdagen. I staden skal røystesetelen brettast og stemplast før den blir lagt valurna.

**Treng du skyss til vallokalet på valdagen?**

Kommunen sett opp skyss med buss på valdagen for dei som ikkje har bil eller anledning til å komme seg til vallokalet sjølve. Nærare tidspunkt for busskyssen vil komma seinare som oppslag på Coop Føresvik og Bokn kommune sine nettsider.

**Valstyret i Bokn kommune**

**Slik gjør du når du røyster til stortingsvalet:**

1. Ta den røystesetelen du vil bruke.



2. Gjør eventuelle endringar på røystesetelen.



3. Brett saman røystesetelen med partinamnet inn og feltet for stempling ut! Då kan ingen sjå kva du røyster. Du skal ikkje bruke konvolutt eller anna omslag fordi røystesetelen skal stemplast.



4. Gå til ein valfunksjonær og få eit stempel på utsida av røystesetelen. Røystesetelen må ha stempel for å bli godkjent.



5. Legg sjølv den stempla røystesetelen i urna.



# Meiningsmåling om valet

Jardar Havikbotn

17. august la Bygdabladet ut ei meiningsmåling på bokn.no, der alle parti som stiller liste i Rogaland er med.

**Då 370 stk. hadde svart var stoda slik:**

| | |
|---|---|
| Demokratene | 0,27% |
| Det Liberale Folkepartiet | 0,27% |
| Det norske Arbeiderparti | 29,46% |
| Fremskrittspartiet | 31,35% |
| Høyre | 7,84% |
| Kristelig Folkeparti | 1,62% |
| Kristent Samlingsparti | 0,27% |
| Kystpartiet | 1,08% |
| Miljøpartiet De Grønne | 0,27% |
| Norges Kommunistiske Parti | 1,62% |
| Pensjonistpartiet | 0,27% |
| Rødt | 1,89% |
| Samefolkets Parti | 4,32% |
| Senterpartiet | 17,57% |
| Sosialistisk Venstreparti | 1,08% |
| Venstre | 0,81% |

Det skal leggast til at folk kan stemma fleire gonger (1 g./pr. døgn). Ein må også rekna at nokon kan bløffa litt og gjerne stemma på tull, men slikt må ein rekna med. Tidlegare målingar på bokn.no har gitt ein peikepinn på korleis ting går, så det blir spennande.

# Kyrkjevalet 2009 Bokn sokn

Svanhild Alvestad

Dette året er det gjort store endringar i valet av nytt sokneråd og bispe-dømmeråd.

På same måte som det vert vald nytt storting kvart 4. år vert det og vald nytt sokneråd og bispedømmeråd. Ved valet dette året er det gjort store endringar.

**Det er bestemt**

- at kyrkjevalet skal vere på same dag som stortingsvalet
- at det i tillegg til val av sokneråd skal vere direkteval til bispedømmeråd på same dag
- at alle medlemmer frå og med 15 år (i år) har røysterett

Dette inneber at det er mange val å halde styr på 14. september. Soknerådet håpar at dette ikkje er til hinder for at folk vil engasjere seg og gi stemma si ved desse to vala.

Alle som er medlem av Den norske kyrkja skal ha fått eit valkort i posten. Her er det god orientering om korleis dei to vala skal gå føre seg, og kandidatlister er og ført på.

Førehandsrøysting kan vere aktuelt for mange. Dette kan du gjere i service-torget på Boknatun heilt fram til 11. september. Opningstidene vil vere dei same som for stortingsvalet:

Måndag til fredag kl. 08.00 til 15.00 og fram til kl. 20.00 torsdagane 27. august, 3. september og 10. september.

Ta med valkort og legitimasjon.

**Kva for kyrkje vil du ha?**

Soknerådet oppmodar innbyggjarane i Bokn til å engasjere seg i kyrkjevalet.




**Har nokon spørsmål som gjeld valet, ta kontakt med kyrkjeverje Svanhild Alvestad.**

## Bokn helsestasjon

Helsestasjonen kommer til å ha noe reduserte åpningstider fremover siden helsesøster holder på med sin videre-utdanning.

Følgende uker er helsestasjonen stengt:
**35, 37, 42, 46 og 50.**



## Bokn barnehage

Bokn barnehage treng av og til vikar i kortare periodar. Det kan gjelde nokre timar ein dag eller nokre dagar.

Har du tid og lyst til å ta slike små oppdrag ber vi om at du sender ein søknad til Bokn skule- og barnehagekontor, 5561 Bokn (e-post annette.bokneberg@bokn.kommune.no ) .

Ta gjerne kontakt med barnehagestyrar Tone Børgesen for nærmare opplysningar.

Ingen søknadsfrist.

Dag Halvorsen
Bokn kommune
Seksjonssjef kultur, skule og barnehage
tlf 52752550 / 90728092
e-post: dag.halvorsen@bokn.kommune.no

**Vikar reinhald skulen**

Skulen har frå tid til annan behov for reinhaldsvikar.

Er du interessert, send ein søknad til
Bokn skule, 5561 Bokn
(e-post: dag.halvorsen@bokn.kommune.no )

**Søknadsfrist 1. september 2009.**

Nærare opplysningar kan du få hos rektor Ingjerd Ellingsen mobil 98221511

———————————————————————

**Ungdomsbustad til leige**

Bokn kommune har ungdoms-bustad på 61 $m^2$ til leige på Øyrenfeltet frå medio september 2009.

Bustaden har stove/kjøkken, 2 soverom, bad/WC/vaskerom og utvendig og innvendig bod.

Husleiga er kr. 3.210,- pr. mnd., og blir justert etter konsum-prisindeksen i oktober kvart år.



Elektrisk straum og oppvarming kjem i tillegg.

Det er utarbeidd eigne retningslinjer for leige av ungdomsbustad.

**Søknad skal sendast til Bokn kommune, Boknatun, 5561 Bokn innan 7. september 2009.**

# Overnattingsmoglegheiter i Bokn kommune, 2009

- ei kartlegging –
Anne E. Askeland

**Våren 2009 vart det bestemt at ein i regi av prosjektet Kjekt på Bokn, med arbeidsgruppa Etablere arbeidsplasser/Næring i spissen, ville sjå nærare på kva overnattingsmoglegheiter som finst i kommunen.**

Ein fekk god hjelp av Haugaland Vekst AS i utarbeidinga av kartleggingsskjemaet som vart sendt ut.

Noko av bakgrunnen for denne kartlegginga kan sjåast i samanheng med at ein for tida arbeider med oppdatering av informasjonstavler og avrivningskart for kommunen. Som tilbydar av overnatting vart ein spurd om ein ynskjer at overnattingstilbodet skal markerast på infotavlene og på avrivningskarta.

Det vil vera viktig å gjennomføra slike kartleggingsrundar med jevne mellomrom for å sikre at talet er oppdatert.

Dette kjem fram allereie i dette fyrste kartleggingsarbeidet ettersom ein av respondentane signaliserer at dei arbeider med ferdigstilling av overnattingsmoglegheiter utan at det vert definert kor mange sengeplasser det er snakk om. Det er mykje som tilseier at ein med fordel kunne hatt endå fleire overnattingsmogleigheiter tilgjengelege i Bokn kommune i framtida.

Men, det er freistande å hevde at 45 (NB. "kartlagde") varme senger totalt er ein svært god start.

| *Overnatting:* | *Tilgjengelighet:* | *Type:* | *Antall senger:* | *Infotavle/ avrivningskart:* | *Type:* | *Totalt:* |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Kleivå Gårdscamping | Hele året | Camping | udefinert | Ja | | |
| Kleivå Gårdscamping | Hele året | Hytter | 9 | Ja | Hytter | 21 |
| Kleivå Gårdscamping | Hele året | Leiligheter | 8 | Ja | | |
| Hytteutleie Atle og Roger Jøsang | Hele året | Hytter | 12 | Ja | Leiligheter | 12 |
| Kro Gård- Krovågen Hestesenter | Hele året | Leiligheter | 4 | Ja | | |
| "Ellingsenhuset" | | Feriehus | 12 | Nei | Feriehus | 12 |
| "Adventurefarm" | Hele året | Feriehus | udefinert | Nei | | |






**Hytte frå Kleivå Gardscamping**
**Foto: Kleivå Gardscamping**

# 10 års Jubileum

Jardar Havikbotn

**Postkasse-bøkene på toppen av Boknafjellet samlar tusenvis av sporty underskrifter.**

Bokn kommune si enkle, men effektive oppfordring til friluftsliv har sidan 1. juni 1999 stimulert fastbuande og besøkande turgåarar, joggarar og syklistar til å føra opp namna sine, 294 moh.

Mange nøyer seg ikkje med å tilbakelegga dei 1.300 m på grusvegen frå bommen ved Vaulen. Fleire boknarar byrjar heimefrå og brukar økta for å pynta skikkeleg på formen. Me kjenner også til at syklistar i kjempeform gjerne tar turen rundt Grønnestad, både ein og to gonger, før dei set nasen mot den lett tilgjengelege og populære toppen.

Bøkene, som blir arkiverte i kommunen, blir etterkvart fulle av historie. Sjølv om dei aller fleste berre skriv namn og adresse, nyttar mange høvet til å skriva ei helsing, kanskje med ei teikning. Nokre går opp i sommarnatta og fortel om dette. Andre er svært målretta og konkurrerer med seg sjølv, med å skriva opp kor lang tid dei brukar kvar gong.

**2.357 underskrifter i 2008**

Ein finn namnet Lars J. Hansen på nesten alle sidene i bøkene, og det er nesten utruleg at han, som også er ein av nemnde syklistar, ikkje har blitt trekt ut på desse 10 åra. Vinnarnamnet for 2008 har vore klart lenge, men av ulike grunnar har me ikkje offentleggjort dette.

Det var **Kristian Nordhus**, 9. klassing på Bokn skule, som blei trekt ut blant dei 2.357 namna. Han får eit gåvekort på kr. 1.000,- på XXL-butikken på Raglamyr. Bygdabladet gratulerer!

Gåva vil bli overrekt av ordføraren.

**Samkøyring med Vardafjellet og Boknahåvet**

Med dei nye postkassebøkene på Vardafjellet og Boknahåvet, blir det naturleg å samordna eit premiereingsopplegg rundt desse stadene frå 2010. Ei gruppe frå Kjekt på Bokn-prosjektet jobbar med denne saka.

Leiar for "Ta naturen i bruk" under Kjekt på Bokn-paraplyen, varaordførar June Kro kan opplysa om ei fersk oppdatering fra postkassa på Vardafjellet. Der stod det 379 namn pr. 30. august (frå 01.01.09).

Ho fortel at ho jobbar med grunneigar om å tilrettelegga stitraseen, slik at dei som ikkje er lokalkjende veit kor stien opp til toppen byrjar. Då reknar ein med at besøkstalet vil stiga.
Bygdabladet kjem tilbake til dette.

Ein del namn har det etterkvart også blitt i boka ute på Boknahåvet.
I skrivande stund fekk eg ikkje tak i dette talet.



**01.06.1999:**
**Dåverande ordførar Sigrunn Hole Hosaas har lagt den fyrste boka i postkassa på Boknafjellet.**

## Harry Potter kjem 4. September

Jardar Havikbotn

**Første fredag i september er det klart for den sjette filmen om den kjende trollmannen.**

I **"Harry Potter og Halvblodsprinsen"** handlar det om at gjenkomsten til fyrst Voldemort har rysta Galtvort svært mykje, og at skulen ikkje lenger er nokon fristad frå farer. Harry Potter må nok ein gong vera rektor Humlesnurr sin mest lojale våpendragar i kampen mot mørke makter.

Filmen inneheld nifse scenar og faretruande skikkelsar, og filmen har 11-årsgrense. Sjølv om universet er velkjent, verkar fleire sekvensar skremmande på underårige, og **Medietilsynet fraråder filmen for barn under 11 år.**



**"Harry Potter og Halvblodsprinsen" kjem 4. september.**

**"Jenta som lekte med ilden**




**18. september er det klart for "Jenta som lekte med ilden"**

14 dagar seinare viser Bygdekinoen den andre filmen om Lisbeth Salander og Mikael Blomkvist, basert på Stieg Larssons roman **"Jenta som lekte med ilden".**

Etter suksessen til **"Menn som hater kvinner"** blei det raskt bestemt at alle tre filmane basert på Stieg Larssons Millenium-bøker skulle settast opp på kino.

Den tredje filmen, **"Luftslottet som sprengtes"**, har kinopremiere 27. november.

**Velkommen til kino!**

Serie

# Kjæledyret mitt

## Scratch

Amalie Nilsen



Heeij<3☺
Eg heiter Scratch og er 3 år. Eg er ein skogkatt og er ganske lat. Eg blei fødd i Tysvær saman med dei to søskene mine, Angel og Emely. Begge er døde nå. Angel var Regine sin, og Emely var Maria, søskenbarnet mitt sin.

Etter at eg blei større, flytta eg til Amalie i Straumen.
Det beste som finst er potet i brun saus og leverpostei.

Om dagen gjer eg ikkje så mykje. Eg pleier helst å ligge i sofaen og sova mens TV'en står på.

Eg har og ein halvbror, eller ikkje halvbror då, men han heiter Beckham og er Regine sin katt. Me pleier av og til å leika litt.

Ein gong hoppa eg opp på kjøkkenbordet, og der sto det rester av middagen, men me ein gong Amalie såg det, jaga ho meg ned.

Eg bur og i lag med ein hund som heiter Sailor, og mange kaniner. Eg likar å ligge oppå bura deira og sjå på dei.
Om dagen blir eg grundig vaska av Sailor, så eigentleg er eg ganske rein. Eg er mest svart, men litt kvit og, eg er og langhårå, men ikkje så mykje.



I neste utgåve presenterer Marita Lie Alvestad dverghamsteren Eple.



## Minneord

**Østen K. Hognaland er død, 89 år gamal.**



Han er fødd og oppvaksen på Hognaland. Østen var fjerdemann i ein barneflokk på seks. Foreldra var Ingeborg og Kornelius Hognaland.

I ungdommen reiste han til Kopervik og gjekk i snikkarlære hos onkelen sin.

Han var gift med Asta, f. Sæbø, som døydde i 2003. Dei fekk fem barn.

Østen var forskalingssnikkar, murar og bonde. Han overtok garden på Hognaland og Sæbø.

Slektsgransking og fiske var dei store hobbyane. Han var tolmodig, hjelpsam, flink å arbeida og glad i heimen.

Det var eit tungt slag for han då Kurt døydde i 1998. Dei siste åra var Østen på sjukestova. Han likte godt å sitja og sjå i bøkene sine.

Østen etterlet seg fire barn, fire svigerbarn, fem barnebarn og tre oldebarn.

Serie

# Songar & tekstar frå Bokn

I forrige blad presenterte me TUSENÅRSSONGEN av Olaug Hognaland. Denne gong er det klart for **LYNGBLOMSTEN av Eline Kristine (Lina) Jacobson Buckneberg**.
Underteikna fekk eingong ein song frå sjukestova på Boknatun. Eg fekk opplyst at Louise Svendsen (død 2005) var svært glad i denne songen, og hadde sunge han for dei der oppe.
Olaug Hognaland minna meg på at diktet står i boka "Mindebogen for Boknefolket", som i 1929 blei skriven i USA av Adolph Jacobson Buckneberg. Lina og Adolph og åtte sysken til var barn av Jacob T. Munkejord og Anna Malena Tjøsvoll. Dei flytta frå Karmøy til Gunnarstad i 1858, budde også på Aksdal før dei busette seg på Boknaberg, og tok gardsnamnet. Familien drog til USA i 1893.
I "Mindebogen for Boknefolket" s. 37 er det bilde av songforfattaren sine foreldre. Lina Buckneberg var i følge bygdeboka 24 år då ho emigrerte til Inwood, Iowa. Lengselen etter m.a. lyngen på Boknafjellet har tydeligvis vore stor.
Det står ikkje kva for ein melodi teksten skal syngast på, men ”De nære ting” passar, så eg går ut i frå at det er denne.
**I nemnde bok står det på s. 89:**
*Ja, selve lyngen blomstret og mange av oss mindes lyngen nu, naar vi ikke ser den mere. Min søster, Lina, sat engang og tænkte paa lyngen og andre ting i Bokn, og saa skrev hun dette rim om Lyngblomsten. Det lyder slik:*

**LYNGBLOMSTEN**

**Tone: De nære ting**

Saasandt som jeg eier i Bokn en ven.
Saa send mig en lyngblomst i posten herhen.
En lyngblomst fra fjeldet, hvornær jeg var født
hvor minder fra hjemmet opdukker saa sødt

En lyngblomst fra fjeldet der langt imot nord.
Der vokser den oppe paa fjeld ned til fjord.
Aa send mig en lyngbusk med blomsterne smaa.
Det er nu den gildeste blomst jeg kan faa.

En lyngblomst med øine saa blide og blaa
Jeg ønsker saa gjerne slik lyngblomst at faa.
Jeg drømmer om natten om lyngblomsten min,
som vokser i Bokn beskeden og fin.

**Lina Buckneberg**





Lærar og kyrkjesongar Jacob T. Munkejord og kona Anna Malena Tjøsvoll

## Kommunal informasjon

### Offisiell opning av NAV Bokn

**Bokn kommune har den glede å invitere til offisiell opning av NAV Bokn.**

Tid: Tysdag 1. september 2009 kl. 12.00
Stad: Boknatun

**Program:**
- Tale ved ordførar Kyrre Lindanger/rådmann Jan Erik Nygaard

- Tale ved assisterande fylkesdirektør i NAV Rogaland, Bjørn Sæstad

- Tale ved leiar av NAV Bokn, Unn Amundsen Mustaparta

**Servering av smørbrød, kaffi, kake, boller og brus.**

### VENNEKJØRING

Er du pensjonist/uføretrygda og treng skyss til å komma deg frå ein stad til ein annan? - t.d. til lege, ulike tilstelningar, handla på butikken m.m.

Nokre pensjonistar ønsker å vera tilgjengelege som sjåførar, og desse har ei vaktordning og ein mobiltlf. til disposisjon.

For å avtala tid, ring dette nr. - helst dagen før eller lengre tid på førehand.

Dei som brukar tenesta betaler til sjåføren -

- Kr. 3,- pr. km + kr. 0,50,- pr. km for kvar ekstra passasjer.
- Minstepris kr. 100,-

**94 14 47 35**

**Sak 045/09**
**Plan for kompetanseutvikling i skulen 2009.**

**Formannskapet vedtok:**
Formannskapet godkjente kompetanseutviklingsplanen for skuleåret 2009/10 med fylgjande tillegg:

1) Som ein del av planen må det innarbeidast ein oversikt som viser kva reell kompetanse ein har ved Bokn skule i dag og kva kompetanse ein har målsetting om å ha.
2) Dei økonomiske konsekvensane ved å byggje opp nødvendig, målsatt kompetanse, synliggjerest i forslag til budsjett og økonomiplan for 2010 – 2014.

**Sak 046/09**
**Plan forkompetanseutvikling i barnehagen 2009.**

**Formannskapet vedtok:**
Formannskapet godkjente kompetanseutviklingsplanen for 2009 med fylgjande tillegg:

1) Som ein del av planen må det innarbeidast ein oversikt som viser kva reell kompetanse ein har ved Bokn barnehage i dag og kva kompetanse ein har målsetting om å ha.
2) Dei økonomiske konsekvensane ved å byggje opp nødvendig, målsett kompetanse, synliggjerest i for slag til budsjett og økonomiplan for 2010 – 2014.

Sak **047/09**
**Innføring av FEIDE (Felles elektronisk identitet) i Bokn skule**

**Formannskapet vedtok:**
Formannskapet ber rådmannen starte arbeidet med innføring av skuleadministrativt system med sikte på å ta i bruk Feide i 2010, slik departementet har bedt om.

**Sak 048/09 Kyrkjebygd kulturhus - opprusting og ombygging av lokalene til Petra**

**Formannskapet vedtok:**
Formannskapet stiller seg positiv til at ein kan starte med å rive det som skal vekk for å kunne lage til eit oppsett over tiltak som skal gjerast inkl. kostnadsramme for prosjekt. I tillegg må det beskrivast kven som er ansvarleg for gjennomføring av prosjekt.

**Sak 049/09 Lokal samarbeids- og driftsavtale mellom NAV Rogaland og Bokn kommune.**

**Formannskapet vedtok:**
Med heimel i kommunelovens § 13 (hasteparagrafen) godkjenner Bokn formannskap driftsavtale og organisering og lokal samarbeidsavtale mellom Kommunen og Arbeids- og velferdsetaten for etablering av NAV Bokn.

**Sak 014/09 Startlån for vidare tildeling.**

**Kommunestyret vedtok:**
Bokn kommunestyre vedtar å ta opp Startlån for vidare tildeling frå Husbanken med kr. 500.000,-.
Lånet er eit annuitetslån med ei total løpetid på 25 år med flytande rente.
Lånevilkåra fylgjer dei til eikvar gjeldande reglar i Husbanken.

**Sak 016/09 Val av valnemnd til kommunestyre- og stortingsval.**

**Kommunestyret vedtok:**
Bokn kommunestyre vel Bokn formannskapet til valnemnd for kommande kommunestyreval og Stortingsval. Ordførar blir vald til valnemnda si leiar og varaordførar blir vald som nestleiar.

Det blir delegert til valnemnda å velje røystestyre til å leie gjennomføringa av valet på.

**Sak 017/09 Betalingssatsar SFO.**

**Kommunestyret vedtok:**
Betalingssatsane i SFO skal vere slik det går fram av vedtaket i kommunestyresak 010/08

**Sak 018/09 REKNESKAP 2008.**

**Kommunestyret vedtok:**
Rekneskapet vart godkjent. Det rekneskapsmessige mindreforbruket på kr. 2.940.608,12 vert sett av til disposisjonsfond. Det blei vedtatt i tillegg at rådmannen bes leggje fram ei sak for formannskapet om innkjøp/drift av minibuss/avtale om taxidrift finansiert gjennom bruk av overskott på rekneskapen for 2008.

**Sak 019/09 ÅRSMELDING 2008**

**Kommunestyret vedtok:**
Årsmeldinga blei tatt til etterretning.

**Sak 020/09 Kontrollutvalet si årsmelding.**

**Kommunestyret vedtok:**
Årsmeldinga blei tatt til etterretning.

**Sak 021/09 Kjekt på Bokn - status og vidare arbeid.**

**Kommunestyret vedtok:**

1. Bokn kommunestyre tar til orientering status for "Kjekt på Bokn" fyrste halvår 2009.
2. Kommunestyret vedtek å vidareføra oppdragsavtalen med Rogaland Ressurssenter as frå 1.07 – 31.12.09 om midlertidig prosjektleiing av prosjektet - på same vilkår som 1. halvår 2009 - med eit omfang på inntil 450 timar.
3. Utgiftene - berekna til kr. 300.000,- eks. mva. - dekkes ved bruk av avsett til tilleggsløyvingar.

**Forts. neste side**

**Forts...**

**Sak 022/09 Godkjenning av kommuneplanprogram for kommuneplan 2011 - 2022**.

**Kommunestyret vedtok:**
Kommuneplanprogrammet vart godkjent.

**Sak 023/09 KONTROLL AV ULOVLIG BYGGVERK I STRANDSONEN - varsling om oppstart av kontroller og innføring av gebyr.**

**Kommunestyret vedtok**:
Regelverk for kontroll og oppstart av kontroll.

**Sak 024/09 Retningslinjer for festetomter til fiskeri-formål i Knarholmen.**

**Kommunestyret vedtok:**
kommunestyret godkjenner forslag til "Retningslinjer for tildeling av festetomter til fiskeriformål i Knarholmen fiskerihavn",datert 23.09.2008 med følgende endring:
Ordet "pensjonerte " skal utgå av teksten.



# Bygdabladet for 20 år sidan

## STØRRE LAGRINGSPLASS FOR BOKN PLAST

Bokn bygningsråd har godkjendt eit forslag til utviding av lagerområde for Bokn Plast A/S.

Bokn Plast A/S har lenge hatt problem med å skaffa stort nok lagerområde, slik at provisoriske løysningar har fungert med lagring fleire stader i kommunen pluss i Kopervik.

Ved at ferjesambandet Føresvik – Kopervik ved årsskiftet skal opphøyra, vil all transport av produkt frå Bokn Plast A/S foregå dagleg med lastebilar og trailarar.

BEdrifta må då sikra seg tilstrekkeleg trafikkareal for lasting/lossing og parkeringsplass til dei tilsette på eigen grunn. Dessutan utviding av lagerområde.

Dette er tenkt gjort ved ei utfylling i sjøen aust for nåverande lager. Ein har planar om utviding på ca. 6 da. Ein vil då frå bedrifta si side få lagerplass nær produksjonslokala.

Det vil gå med ca 40.000 kubikkmeter fyllmasse. Ein vil ta kontakt med Vegvesenet for eventuelt å kunna nytta overskotsmasse i samband med anleggsarbeidet på ny RV 512 gjennom kommunen.

**Lokalt**

# Turbonett inn over Bokn

*Jardar Havikbotn*

**Haugaland Turbonett AS ynskjer å levera breiband til boknarar. Klargjering for oppsetting av radiomast i Bokn er i gong.**

- Ja, avtalen med grunneigar er i boks, nå gjenstår det å knytta til oss min. 10 kundar så startar me opp, seier dagleg leiar i Haugaland Turbonett AS, Nils Kåre Jørmeland, til Bygdabladet.

Breibandleverandøren i Førresfjorden starta opp i mai 2007, og har jevnt og trutt sett opp sendarar i området rundt fjorden nord for Bokn. Karmøy og Haugesund er også med i utbyggingsplanane deira.

**God tru**

På nettsida til Haugaland Turbonett AS går det tydeleg fram at dei meiner at framtida er trådlaus, og intensjonen deira er å levera trådlaust, høghastighets internettaksess på heile Haugalandet til låge prisar. Og med kanskje landets lågaste prisar og høg bandbreidde har ein entusiastisk dagleg leiar god tru på at mange boknarar etterkvart vil bli kundar hjå dei.

Han meiner også at deira breiband held mykje betre kvalitet og er meir stabilt enn ADSL via telefonlinjene. Kundar vil heller ikkje få ekstra rekning for linjeleie til IP-telefoni, som saman med online-gaming skal halda svært god kvalitet, ifølge Jørmeland.

Haugaland Turbonett AS vil kunna levera abonnement frå 1 Mb til 10 Mb. 20 Mb og endå høgare bandbreidde blir levert på forespørsel. Som prisdøme drar Jørmeland fram 180 kr. pr. mnd. for 1 Mb, 300 kr. pr. mnd. for 5 Mb og 500 kr. pr. mnd. for 20 Mb.

**Eiga antenne**

Dersom dette slår an i Bokn, vil det bli sett opp fleire sendarar rundt om i kommunen. Kvar kunde har eiga antenne, som må vera synleg for sendaren. Vidare må mottakaren ha ein router i huset. Leverandøren står for oppkoblinga.

Dei har fleire typar antenner. Fleire personar kan t.d. dela på ei antenne, men ha sitt eige abonnement.

